

Helse og omsorg

Treng du hjelp i kvardagen?

Informasjon til deg som har behov
for vedtaksbaserte helse – og omsorgstenester





Ein del helse- og omsorgstenester må ein søkje om å få. Tildeling skjer utifrå ditt hjelpebehov.

Kommunen ønskjer at alle innbyggjarane skal få flest mogeleg gode leveår, og at sosial ulikskap i befolkninga vert mindre.

Helse og omsorgstenestene i kommunen skal ut i frå langsiktig og heilskapleg planlegging, rammer, god nytte av kompetanse og fleksibel bruk av ressursar, arbeide for å **gje riktige tenester på riktig nivå**.

Eit likeverdig tenestetilbod og den enkelte sine behov for tenester skal stå i fokus. Tenestene skal gjennom gjensidigheit, bidra til auka livskvalitet og eigenmeistring der målet er at alle skal bu i eigen heim så lenge som mogeleg.

Tildeling av tenester


Ein del helse- og omsorgstenester må ein søkje om å få. Tildeling skjer utifrå kva hjelpebehovet ein har. Stad kommune har ein **tenestestandard** for tenester i helse og omsorg. Standarden gjev informasjon om dei ulike helse- og omsorgstenesten, og målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert gjevne.

Du finn søknadsskjema og tenestestandarden på www.stad.kommune.no.

Stad kommune har eiga tildelingsnemnd som består av kommuneoverlege, kommunalsjef for helse og omsorg, einingsleiar for heimetenesta, helseavdelinga, institusjonane og bu- og miljøtenesta. Det er faste møter kvar veke der alle søknadar om helse- og omsorgstenester vert drøfta før vedtak vert fatta.

Ved spørsmål angående søknad og vedtak kan du ta kontakt med sakshandsamar.

Helsetrappa i Stad kommune



Innbyggaren – ansvar for eiga helse

God kvardag i eige liv: Ver saman med andre, i nære relasjonar og i sosiale nettverk - Ver med i givande aktivitetar
Klare seg så godt som mogeleg, så lenge som mogeleg: Ta i mot hjelp frå andre, bruk hjelpemiddel og velferdsteknologi

Lokalsamfunnet – aktørane er viktige for å fremme helse i nærmiljøet

Helsefremmande innsats som bidrar til eit godt og inkluderande samfunn
Helsefremmande aktivitet skapt av eit engasjement og gjennom samskaping mellom fleire aktørar

*Aktørar:
innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, kommune, andre offentlege aktørar, m.fl.*

Kommunale helsetenester: Aukande behov for støtte – ressursinnsats – spesialiserte helsetenester

Kommunale helsetenester: Aukande grad av vedtaksbaserte helsetenester

Sjå forstørra modell side 7.


Meir informasjon og kriterium for tildeling av dei ulike tenestene finn du i **tenestestandarden** vår på www.stad.kommune.no
Scan QR-kode under:




Stad kommune har fokus på eigenmeistring, og målet er at ein som innbyggjarar skal oppretthalde sin funksjon slik at ein kan være så sjølvstendig som mogeleg. Det betyr at Stad kommune i første omgang alltid vurderer andre alternativ enn kommunale helse- og omsorgstenester.

Tildeling av tenester

Velferdsteknologiske løysningar og hjelpemiddel blir alltid vurdert som fyrste val. Det vil for aktuelle brukarar, der dette er tenleg, kunne tilby tenester som dekkast inn med digitalt verktøy eller hjelpemiddel. Dette kan for eksempel være **lokaliseringsteknologi (GPS), elektronisk medisindispensar, døralarmar, rørslesensor, oppfølging gjennom eigenmålingar og nettbrett med meir.**



Tryggleiksalarm



Oppfølging på nettbrett



Oppfølging eigenmåling



Medisindispensar

Hjelpemiddel

Kommunen har hjelpemiddel til utlån for ein kort periode. Har du behov for å leige hjelpemiddel over ei lenger periode kan kommunen hjelpe deg med å søkje.

Ved spørsmål og rettleiing om bruk av hjelpemiddel finn du meir informasjon om dette på nettsida vår www.stad.kommune.no. Du kan også ta direkte kontakt med oss på telefon 57 88 58 00 (sentralbord).

Kva treng du hjelp til?

Treng du hjelp til medikament-handtering?

Ditt lokale apotek tilbyr privat multidose. Dette vil alltid bli tatt ei vurdering på om du kan nytte dette tilbodet før ein får innvilga tenester frå kommunen. Ved behov for dagleg utlevering av medisinar vil elektronisk medisin-dispenser bli prøvd ut.

Treng du hjelp til kompresjons-strømper eller ausedråpar?

Hjelpemiddel som *strømpepåtreakkar og droppe* kan hjelpe deg å meistre desse oppgåvene på eigenhand. Spør ditt lokale apotek for rettleiing og bestilling.

Treng du hjelp til å lage middag?

Kommunen tilbyr middagsombriging til personar som treng bistand til å vareta sitt eige ernæringsbehov. Ernæringskartlegging gjennomført av kommunen er også eit vurderingsgrunnlag for om ein oppfyller føresetnadane for å få denne tenesta. Det vil, i alle søknadar om middagsombriging, bli tatt ei vurdering på om ein kan nytte ferdig middag frå butikk.

Treng du hjelp til å blodprøver, injeksjonar eller sårstell?

Det vil alltid bli tatt ei vurdering på om du er i stand til å reise på legekantoret for å gjennomføre desse oppgåvene, eller om det er mest hensiktsmessig at det vert utført som helsehjelp i heimen.

Treng du hjelp til auka sosial kontakt?

Fritidskontakt har som mål å bryte isolasjon og auke sosialt samvær. Fritidskontakt er i utgangspunktet meint som å vere ein oppstart for at du etter kvart skal klare å gjennomføre aktivitetane sjølv. Det vil i alle søknadar bli vurdert om andre alternativ kan bidra til auka sosialt samvær og deltaking i sosiale aktivitetar. Det kan blant anna vere Røde Kors sitt tilbod om besøksvenn eller tilbod gjennom Frivilligsentralen.

Ønskjer du besøksvenn? Ein besøksvenn kjem heim til deg og slår av ein prat, tar ein kaffikopp, eller blir med på tur. Det spelar ingen rolle om du er ung eller eldre, om du bur heime eller på institusjon. Einsemd kan råke alle. Ta kontakt på 47860806 for meir informasjon.

Forts. neste side.

Eid Frivilligsentral og Selje Frivilligsentral har god oversikt over møteplassar, aktivitetstilbod og frivillige organisasjonar i Stad. Frivilligsentralane har i tillegg egne aktivitetar/tilbod og mykje aktivitet i dei lokala dei held til i. Her er det utruleg mykje kjekt å vere med på! Der er mange møteplassar/organisasjonar som vil ha med nettopp deg på sin aktivitet.



Ta kontakt med din lokale frivilligsentral for meir informasjon:

Eid Frivilligsentral (Eidsgata 9 - Nordfjordeid) tlf. 41460042

Selje Frivilligsentral (Nabben 80 - Selje) tlf. 95869223

Kva hjelpebehov har du?

Helse og omsorg i Stad kommune utfører vedtaksbaserte tenester. Det vil sei at ein må søkje om tenester ut i frå hjelpebehov, og teneste utfører ikkje akutte oppdrag. Dersom du treng legetilsyn ber vi deg kontakte:

- Fastlegen din
- Legevakt på telefonnummer 116 117
- Ambulanse på telefonnummer 113 dersom du treng akutt helsehjelp




Sakshandsamarartemet

Har du spørsmål vedrørende tildeling av helse- og omsorgstenester?


Sjå www.stad.kommune.no eller ring 948 16 515 for å snakke med ein sakshandsamar.

Helsetrappa i Stad kommune


Trinn 1
Innbyggaren klarer seg sjølv med informasjon, råd og rettleiing




Eigen bustad




Trinn 2
Innbyggaren klarer seg sjølv med nokre kommunale tenester




Omsorgsbustad
Eigen bustad




Trinn 3
Innbyggaren klarer seg med heildøgns tilgjengelege kommunale tenester




Omsorgsbustad
Eigen bustad



Trinn 4
Innbyggaren har behov for omfattande kommunale tenester



Institusjon
Omsorgsbustad
Eigen bustad



Innbyggaren – ansvar for eiga helse

God kvardag i eige liv: Ver saman med andre, i nære relasjonar og i sosiale nettverk - Ver med i givande aktivitetar
Klare seg så godt som mogeleg, så lenge som mogeleg, så lenge som mogeleg: Ta i mot hjelp frå andre, bruk hjelpemiddel og velferdsteknologi

Lokalsamfunnet – aktørane er viktige for å fremme helse i nærmiljøet

Helsefremmande innsats som bidrar til eit godt og inkluderande samfunn
Helsefremmande aktivitet skapt av eit engasjement og gjennom samskaping mellom fleire aktørar

Aktørar:
inbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, kommune, andre offentlege aktørar, m.fl.

Kommunale helsetenester: Aukande behov for støtte – ressursinnsats – spesialiserte helsetenester

Kommunale helsetenester: Aukande grad av vedtaksbaserte helsetenester



STAD
A
●



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no